

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	ORIENTERING
13. 05. 2015	
Art. saknr.	Løsningsnr.
14/3806	
Saknr.	Tilgjengelighet



INNKALLING TIL ÅRSMØTE I NGIR

Det vert årsmøte i NGIR **tysdag 26. mai 2015 kl. 11.30** i Kjevikdalen.

Sakliste:

- | | |
|-----------|---|
| Sak 01/15 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| Sak 02/15 | Val av medlemmer til å skriva under møteprotokoll |
| Sak 03/15 | Meldingar |
| | a) Diverse munnleg orientering |
| | b) Avfallsmengder 2014 |
| Sak 04/15 | Årsrekneskap 2014 |
| Sak 05/15 | Årsmelding 2014 |
| Sak 06/15 | Honorar til revisor for 2014 |
| Sak 07/15 | Val av medlemmer og varamedlemmer i styret |
| Sak 08/15 | Val av leiar og nestleiar i styret |

Møtet startar med mat.

Me har tidlegare opplevd at NGIR sitt representantskap ikkje har vore vedtaksført som fylgje av stort forfall utan varsel / varsel med særskilt kort frist. Me oppfordrar difor alle til å melde frå så tidleg som mogleg dersom dei ikkje kan møte den aktuelle dagen, slik at me kan kalla inn vararepresentant. Melding kan gjevast til ngir@ngir.no.

Kjevikdalen, 12.05.15

Sveinung Kråkås
- Leiar i representantskapet -

Erlend Kleiveland
Erlend Kleiveland
- Dagleg leiar -



REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 26.05.15

Sak nr: 03b/15

Sakshandsamar: Roger Fjellsbø



Avfallsmengder 2014

HUSHALD

Fraksjon	2010	%-vis endring	2011	%-vis endring	2012	%-vis endring	2013	%-vis endring	2014
Restavfall hytter	1704	-5,1 %	1618	1,9 %	1648	4,8 %	1728	-1,10 %	1709
Restavfall dunkar	2496	-13,7 %	2155	23,4 %	2659	9,1 %	2902	4,20 %	3026
Restavfall gj.vinningsstasj.	2471	44,0 %	3558	4,9 %	3730	0,0 %	3730	2,30 %	3815
Sum restavfall	6671	9,9 %	7331	9,6 %	8038	4,0 %	8360	2,30 %	8549
PPP + drikkekartong	2402	2,2 %	2454	-3,3 %	2374	2,9 %	2443	-5,50 %	2308
Våtorganisk i biodunk	1149	0,6 %	1156	-2,8 %	1124	10,8 %	1246	-2,20 %	1218
Heimekompostering	683	-10,5 %	611	-8,7 %	558	8,1 %	603	-15,8 %	508
Trevyrke	2382	46,2 %	3483	-0,7 %	3458	2,0 %	3528	14,50 %	4041
Metall	641	38,5 %	888	-1,8 %	872	-7,8 %	804	1,80 %	819
Anna til gjenvinning	1023	24,8 %	1277	-17,4 %	1055	1,4 %	1070	-3,50 %	1033
Sum til gjenvinning	8280	19,2 %	9869	-4,3 %	9441	2,7 %	9694	2,40 %	9927
Avfall til deponi	202	58,9 %	321	1,9 %	327	-2,8 %	318	16,20 %	369
Sum avfall	15153	15,6 %	17521	1,6 %	17806	3,2 %	18372	2,60 %	18845

- Mengda restavfall har auka frå 2013 til 2014 med 2,3 %. Mengda restavfall frå gjenvinningsstasjonane viser ein liten auke. Dette kjem av ein auke i mengda innsamla restavfall frå vår- og haust rydderutene. Mengda innsamla avfall på rydderutene auka med ca 100 tonn frå 2013 til 2014.
- Mengd avfall til gjenvinning har auka med 2,4%. Mengda trevyrka har auka med 14,5 % og metall har auka med 1,8 %. For dei andre fraksjonane er det ein liten nedgang.
- Gjenvinningsgraden er på 53,7 %

Avfallsstatistikk hushald 2014 (kg/person)




NÆRING

Fraksjon	2010	%-vis endring	2011	%-vis endring	2012	%-vis endring	2013	%-vis endring	2014
Blanda avfall	4458	36,18 %	6071	-16,27 %	5083	-28,89 %	3614	-15,95 %	3038
Komprimert rest direkte	1157	-1,38 %	1141	-20,25 %	910	-11,03 %	810	3,01 %	834
Restavfall komprimatorbil	2327	13,32 %	2637	-7,89 %	2429	-1,23 %	2399	0,66 %	2415
Restavfall / Blanda avfall	7942	24,02 %	9850	-14,48 %	8423	-19,00 %	6823	-7,83 %	6289
Våtorganisk	803	-13,20 %	697	-10,55 %	623	-15,08 %	529	5,82 %	560
Papir/papp/plast	1175	-9,87 %	1059	-3,99 %	1017	-21,85 %	795	9,85 %	873
Skrapjern/metall	886	-27,77 %	640	16,85 %	748	-19,73 %	600	46,23 %	878
Trevyrke	2347	24,84 %	2930	-4,50 %	2798	-37,84 %	1739	-8,05 %	1599
Anna til gjenvinning	235	60,00 %	376	7,34 %	404	7,98 %	436	10,49 %	482
Avfall til deponi	1061	1321,68 %	15084	68,21 %	25372	23,76 %	31400	54,50 %	48514
Sum avfall	14450	112,01 %	30636	28,56 %	39385	7,46 %	42323	39,86 %	59195


Totalt har mengda avfall frå næringskundar auka med 40 % (ca 17 000 tonn).

- Statistikken viser stor auke i skrapjern / metall og avfall til deponi. Restavfall har minka med ca 650 tonn eller 7,8%. Hovudgrunnen til denne reduksjonen skuldast nedgang i mengda blanda avfall til sortering. Komprimert restavfall er forholdsvis stabilt.
- Den største auken i levert avfall er inert avfall til deponi. Dette er hovudsakleg tørrstoff frå termisk reinsing av borekaks.
- Mengda trevyrke i konteinar og blanda avfall i konteinar er nesten halvert sidan toppen i 2011.


Avfallsstatistikk næring 2014



Avfallsstatistikk Næring 2010 - 2014



Avfallsstatistikk Næring 2010 - 2014





REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 26.05.15

Sak nr: 04/15

Sakshandsamar: Erlend Kleiveland

Rekneskap 2014

Vedlegg:

Rekneskap totalt og for kvar avdeling 2014

Kommentarar til rekneskap for kvar avdeling 2014

Rekneskapen for 2014 er gjort opp med eit overskot før skatt på kr 9 470 988. Resultat etter skatt er kr 6 707 923.

Driftsinntektene var 101,5 millionar kroner, noko som er ein auke på 11,2 % frå 2013.

Driftskostnadene utgjorde 92,6 millionar kroner, ein auke på 7,0 % frå 2013.

Rekneskapen er lagt fram under føresetnad om framleis drift.

Driftsinntekter

Driftsinntektene var 101,5 millionar kroner, noko som er 14,1 millionar (16,1 %) meir enn budsjettert.

Inntektene frå hushald var kr 860 000 (1,7 %) høgare enn budsjettert, noko som i hovudsak skuldast litt fleire kundar og litt meir skrapjern på gjenvinningsstasjonane enn rekna med.

Inntektene frå næring var kr 11 844 000 (41,1 %) høgare enn budsjettert. Dette skuldast i hovudsak større mengder til deponi og auka sal av steinprodukt.

Inntektene frå slam var kr 405 000 (5,8 %) lågare enn budsjettert grunna færre tømte kommunale avskiljarar enn rekna med. Inntektene frå bilvrak hadde eit positivt avvik på kr 1 778 000 (86,9 %). Avviket skuldast at NGIR har fått tilbakebetalt tidlegare for mykje betalt for transporttenester.

Driftskostnader

Driftskostnadene utgjorde 92,6 millionar kroner. Dette er 2,8 millionar (3,1 %) høgare enn budsjettert.

Driftskostnadene for hushald var kr 1 326 000 (2,6 %) lågare enn rekna med. Dette skuldast mellom anna lågare transportkostnader inn til anlegget og resultatført planendring for pensjonsforpliktingane. Driftskostnadene for næring var kr 4 231 000 (14,7 %) høgare enn budsjettert. Avviket skuldast i hovudsak auka avfallsmengder som førte til auka avsetnad til etterdrift, auka vedlikehaldskostnader og endra kostnadsfordelingsnøklar. I tillegg har

steinuttaket vore større og meir avfall har vorte fakturert via NGIR enn budsjettert. Kostnadene for slam var kr 620 000 (8,4 %) lågare enn budsjettert grunna færre tømte kommunale avskiljarar enn rekna med. Kostnadene for bilvrak var kr 487 000 (23,8 %) høgare enn budsjettert hovudsakleg grunna lagerendringar.

Finanspostar

Netto finanskostnader har eit positivt avvik på 386 000 hovudsakleg grunna høgre innskotsrente enn lånerente.

Resultat 2014

Resultata (etter skatt) frå dei ulike områda er vist nedanfor:

Resultat 2014	Resultat	Budsjett	Avvik
Hushald	kr 592 242	-kr 1 835 000	kr 2 427 242
Verksemd	kr 5 330 350	kr 0	kr 5 330 350
Slam	-kr 160 736	-kr 386 000	kr 225 264
Bilvrak	kr 946 067	kr 0	kr 946 067
Totalt	kr 6 707 923	-kr 2 221 000	kr 8 928 923

Resultata frå hushald og slam vert korrigert for alternativkostnad. Alternativkostnad vert utrekna ved å multiplisera historisk kostnad / netto anleggskostnad samt tomtekostnad (fråtrekt tidlegare års avskrivningar) med kalkylerenta. Kalkylerenta vert sett lik 5 års swaprente, med eit tillegg på 0,5 prosent. For 2014 utgjer den 2,68 %. Sjå note 12 for utrekning av alternativkostnad.

NGIR har i 2014 investert i varige driftsmidlar for 26,4 millionar kroner. Investeringane er spesifisert i note 3 til rekneskapen.

Langsiktig gjeld per 31.12.14 er kr 48 859 000, ein auke på kr 33 795 000 frå 2013. Grunna låneopptaket er eigenkapitalprosenten redusert frå 67 % til 54 %.

Forplikingane til etterdrift ført som langsiktig gjeld er redusert med kr 2 306 000 (sjå note 13), medan pensjonsforplikingane har vorte redusert med kr 1 662 000 grunna resultatført planendring hjå KLP. NGIR hadde per 31.12.14 ei langsiktig lånegjeld på kr 37 762 500.

Rekneskapen gir eit rettvisande bilete av egedelar og gjeld, finansiell stilling og resultat. Det er ingen forsknings- eller utviklingsaktivitetar i 2014.

Det er i rekneskapen ikkje sett av midlar til etterdrift frå hushalda. Eit beløp tilsvarande kalkulatorisk rentekostnad vert føreslege overført til etterdriftsfond, då dette er pengar som hushaldskundar betalar og som på grunn av regelverket rundt bruk av kalkulatorisk rente vert lagt til eigenkapitalen. Sjå note 13.

Det er tidlegare avsett midlar til etterdrift både som rekneskapsmessig avsetning og resultatmessig disponering. For å følgja prinsippa i rekneskapslova bør desse avsetningane skiljast i balansen. Tidlegare års avsetning til etterdrift gjort under resultatdisponering bør difor overførast frå langsiktig gjeld til eigenkapital (kr 3 500 000).

Tidlegare års avsetning til sorterings- / omlastingshall bør overførast til opparbeidd eigenkapital då hallen no er teke i bruk (kr 12 000 000) og det difor ikkje er trong for å øyremerka midlar til dette føremålet.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner rekneskapen med følgjande disponering:

	Disponering:	Sum etter disp.
Bruk av utjamningsfond hushald	-569 925	5 801 936
Bruk av utjamningsfond slam	-109 256	2 706 924
Avsetning til etterdriftsfond	7 387 104	20 407 666
Sum disponering	6 707 923	

Eit beløp tilsvarande kalkulatorisk rentekostnad (Kr 1 047 561) vert overført frå opparbeidd eigenkapital til etterdriftsfond.

Tidlegare års avsetning til etterdrift gjort under resultatdisponering vert overført frå langsiktig gjeld til eigenkapital (kr 3 500 000).

Tidlegare års avsetning til sorterings- / omlastingshall vert overført til opparbeidd eigenkapital då hallen no er teke i bruk (kr 12 000 000).

Samrøystes tilrådd i styremøte 27.04.15

Totalt

Rekneskap 2014

	Rekneskap	Budsjett	Avvik frå budsj.	Prosentvis avvik	Rekneskap i fjor
DRIFTSINNTEKTER					
Handsaminginntekter	kr 50 066 753	kr 41 631 000	kr 8 435 753	20,3 %	kr 43 105 035
Transportinntekter	kr 34 221 194	kr 33 689 000	kr 532 194	1,6 %	kr 34 637 747
Salgsinntekter	kr 14 916 977	kr 10 074 000	kr 4 842 977	48,1 %	kr 11 392 237
Leigeinntekter	kr 2 084 154	kr 1 951 000	kr 133 154	6,8 %	kr 2 000 997
Andre driftsinntekter	kr 237 084	kr 104 000	kr 133 084	128,0 %	kr 95 941
SUM DRIFTSINNTEKTER	kr 101 526 164	kr 87 449 000	kr 14 077 164	16,1 %	kr 91 231 957
DRIFTSKOSTNADER					
Vareforbruk	kr 1 988 920	kr 1 435 000	kr 553 920	38,6 %	kr 757 419
Handsaming av avfall	kr 5 602 381	kr 5 459 000	kr 143 381	2,6 %	kr 7 128 449
Steinuttak	kr 3 269 077	kr 1 651 000	kr 1 618 077	98,0 %	kr 2 062 046
Transport inn	kr 26 673 050	kr 27 748 000	-kr 1 074 950	-3,9 %	kr 26 571 675
Personalkostnader	kr 21 353 541	kr 22 682 000	-kr 1 328 459	-5,9 %	kr 21 608 957
Avskrivningar	kr 9 586 937	kr 9 062 000	kr 524 937	5,8 %	kr 6 754 266
Transport ut	kr 10 537 007	kr 10 724 000	-kr 186 993	-1,7 %	kr 11 149 721
Energi til produksjon	kr 1 315 118	kr 1 097 000	kr 218 118	19,9 %	kr 1 038 086
Kostnad lokale	kr 660 037	kr 490 000	kr 170 037	34,7 %	kr 533 193
Leige maskiner, inventar o.l.	kr 170 295	kr 68 000	kr 102 295	150,4 %	kr 28 972
Verkty, inventar og materiell	kr 1 566 527	kr 1 181 000	kr 385 527	32,6 %	kr 1 219 892
Deponiavgift	kr 722 869	kr 782 000	-kr 59 131	-7,6 %	kr 775 217
Reparasjon og vedlikehald	kr 3 767 693	kr 2 412 000	kr 1 355 693	56,2 %	kr 2 516 345
Eksterne tenester	kr 462 399	kr 547 000	-kr 84 601	-15,5 %	kr 501 066
Kontorkostnad, trykksak ol	kr 663 632	kr 755 000	-kr 91 368	-12,1 %	kr 629 431
Telefon, porto o.l.	kr 344 482	kr 348 000	-kr 3 518	-1,0 %	kr 311 951
Kostnad transportmidler	kr 936 162	kr 540 000	kr 396 162	73,4 %	kr 607 270
Reiser og diett	kr 122 835	kr 217 000	-kr 94 165	-43,4 %	kr 214 947
Sals og reklamekostnad	kr 1 022 431	kr 850 000	kr 172 431	20,3 %	kr 787 982
Kontingent og g�ave	kr 277 591	kr 241 000	kr 36 591	15,2 %	kr 229 798
Forsikring, garantikostnad	kr 1 429 527	kr 1 141 000	kr 288 527	25,3 %	kr 1 454 562
Andre driftskostnader	kr 95 184	kr 220 000	-kr 124 816	-56,7 %	kr 127 764
Tap o.l.	kr 42 242	kr 189 000	-kr 146 758	-77,6 %	-kr 491 388
SUM DRIFTSKOSTNADER	kr 92 609 935	kr 89 839 000	kr 2 770 935	3,1 %	kr 86 517 620
DRIFTSRESULTAT	kr 8 916 229	-kr 2 390 000	kr 11 306 229		kr 4 714 338
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER					
Finansinntekter	kr 1 391 948	kr 380 000	kr 1 011 948	266,3 %	kr 895 340
Finanskostnader	kr 837 279	kr 211 000	kr 626 279	296,8 %	kr 9 819
NETTO FINANSPOSTAR	kr 554 670	kr 169 000	kr 385 670	228,2 %	kr 885 521
RES F�R EKSTRAORD. POSTAR EKSTRAORD POSTAR	kr 9 470 898	-kr 2 221 000	kr 11 691 898		kr 5 599 859
Ekstraordin�er inntekt	kr 0	kr 0	kr 0		
NETTO EKSTRAORD. POSTAR	kr 0	kr 0	kr 0		
PERIODERESULTAT	kr 9 470 898	-kr 2 221 000	kr 11 691 898		kr 5 599 859

Hushald

Rekneskap 2014

	Rekneskap	Budsjett	Avvik frå budsj.	Prosentvis avvik	Rekneskap i fjor
DRIFTSINNTEKTER					
Handsamingsinntekter	kr 22 126 747	kr 21 821 000	kr 305 747	1,4 %	kr 21 462 482
Transportinntekter	kr 23 995 809	kr 23 665 000	kr 330 809	1,4 %	kr 23 453 326
Salgsinntekter	kr 4 113 319	kr 3 942 903	kr 170 416	4,3 %	kr 3 945 915
Leigeinntekter	kr 6 000	kr 96 000	-kr 90 000	-93,8 %	kr 88 000
Andre driftsinntekter	kr 230 007	kr 87 300	kr 142 707	163,5 %	kr 88 512
SUM DRIFTSINNTEKTER	kr 50 471 881	kr 49 612 203	kr 859 678	1,7 %	kr 49 038 234
DRIFTSKOSTNADER					
Vareforbruk	kr 1 091 993	kr 930 558	kr 161 435	17,3 %	kr 711 924
Handsaming av avfall	kr 3 245 919	kr 3 169 910	kr 76 009	2,4 %	kr 3 971 280
Steinuttak	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Transport inn	kr 16 120 394	kr 17 550 000	-kr 1 429 606	-8,1 %	kr 16 195 209
Personalkostnader	kr 12 018 673	kr 13 168 939	-kr 1 150 266	-8,7 %	kr 11 838 315
Avskrivningar	kr 5 102 470	kr 4 734 897	kr 367 573	7,8 %	kr 3 607 120
Transport ut	kr 6 266 562	kr 6 127 184	kr 139 378	2,3 %	kr 6 271 473
Energi til produksjon	kr 571 671	kr 479 668	kr 92 003	19,2 %	kr 386 815
Kostnad lokale	kr 288 931	kr 284 489	kr 4 442	1,6 %	kr 294 851
Leige maskiner, inventar o.l.	kr 42 312	kr 31 257	kr 11 055	35,4 %	kr 10 159
Verkty, inventar og materiell	kr 929 284	kr 714 781	kr 214 504	30,0 %	kr 711 183
Deponiavgift	kr 99 931	kr 85 859	kr 14 072	16,4 %	kr 69 773
Reparasjon og vedlikehald	kr 1 439 070	kr 1 020 867	kr 418 202	41,0 %	kr 980 492
Eksterne tenester	kr 195 378	kr 281 317	-kr 85 939	-30,5 %	kr 277 085
Kontorkostnad, trykksak ol	kr 518 323	kr 589 543	-kr 71 220	-12,1 %	kr 468 709
Telefon, porto o.l.	kr 227 196	kr 235 927	-kr 8 731	-3,7 %	kr 214 697
Kostnad transportmidler	kr 791 133	kr 380 799	kr 410 334	107,8 %	kr 413 733
Reiser og diett	kr 70 477	kr 125 988	-kr 55 511	-44,1 %	kr 118 864
Sals og reklamekostnad	kr 877 824	kr 733 000	kr 144 824	19,8 %	kr 573 741
Kontingent og gåve	kr 159 270	kr 139 922	kr 19 347	13,8 %	kr 127 076
Forsikring, garantikostnad	kr 135 221	kr 616 289	-kr 481 068	-78,1 %	kr 584 180
Andre driftskostnader	kr 60 441	kr 143 993	-kr 83 552	-58,0 %	kr 78 185
Tap o.l.	kr 2 238	kr 36 000	-kr 33 762	-93,8 %	kr 17 442
SUM DRIFTSKOSTNADER	kr 50 254 711	kr 51 581 188	-kr 1 326 477	-2,6 %	kr 47 922 306
DRIFTSRESULTAT	kr 217 170	-kr 1 968 985	kr 2 186 155		kr 1 115 928
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER					
Finansinntekter	kr 820 698	kr 244 260	kr 576 438	236,0 %	kr 527 001
Finanskostnader	kr 445 626	kr 110 275	kr 335 351	304,1 %	kr 5 244
NETTO FINANSPOSTAR	kr 375 072	kr 133 986	kr 241 087	179,9 %	kr 521 757
RES FØR EKSTRAORD. POSTAR EKSTRAORD POSTAR	kr 592 242	-kr 1 835 000	kr 2 427 242		kr 1 637 685
Ekstraordinær inntekt	kr 0	kr 0	kr 0		
NETTO EKSTRAORD. POSTAR	kr 0	kr 0	kr 0		
PERIODERESULTAT	kr 592 242	-kr 1 835 000	kr 2 427 242		kr 1 637 685

Verksemd

Rekneskap 2014

	Rekneskap	Budsjett	Avvik frå budsj.	Prosentvis avvik	Rekneskap i fjor
DRIFTSINNTEKTER					
Handsamingsinntekter	kr 26 751 657	kr 18 651 000	kr 8 100 657	43,4 %	kr 20 342 874
Transportinntekter	kr 4 814 983	kr 4 179 000	kr 635 983	15,2 %	kr 4 625 281
Salgsinntekter	kr 6 979 200	kr 4 084 996	kr 2 894 204	70,8 %	kr 4 991 433
Leigeinntekter	kr 2 078 154	kr 1 855 000	kr 223 154	12,0 %	kr 1 912 997
Andre driftsinntekter	kr 7 078	kr 16 700	-kr 9 622	-57,6 %	kr 7 430
SUM DRIFTSINNTEKTER	kr 40 631 073	kr 28 786 696	kr 11 844 377	41,1 %	kr 31 880 015
DRIFTSKOSTNADER					
Vareforbruk	kr 257 294	kr 306 442	-kr 49 147	-16,0 %	kr 336 716
Handsaming av avfall	kr 2 356 462	kr 2 289 090	kr 67 372	2,9 %	kr 3 157 169
Steinuttak	kr 3 269 077	kr 1 651 000	kr 1 618 077	98,0 %	kr 2 062 046
Transport inn	kr 4 787 129	kr 3 891 000	kr 896 129	23,0 %	kr 4 217 580
Personalkostnader	kr 7 898 473	kr 8 008 339	-kr 109 866	-1,4 %	kr 7 972 536
Avskrivningar	kr 3 865 551	kr 3 621 280	kr 244 270	6,7 %	kr 2 598 860
Transport ut	kr 4 050 043	kr 4 372 816	-kr 322 773	-7,4 %	kr 4 605 248
Energi til produksjon	kr 630 411	kr 506 339	kr 124 071	24,5 %	kr 534 121
Kostnad lokale	kr 276 009	kr 173 004	kr 103 005	59,5 %	kr 198 568
Leige maskiner, inventar o.l.	kr 123 936	kr 34 886	kr 89 050	255,3 %	kr 17 442
Verkty, inventar og materiell	kr 509 276	kr 371 430	kr 137 846	37,1 %	kr 423 815
Deponiavgift	kr 622 938	kr 696 141	-kr 73 203	-10,5 %	kr 705 444
Reparasjon og vedlikehald	kr 2 108 676	kr 1 230 216	kr 878 460	71,4 %	kr 1 316 258
Eksterne tenester	kr 263 730	kr 259 248	kr 4 482	1,7 %	kr 186 603
Kontorkostnad, trykksak ol	kr 127 113	kr 139 286	-kr 12 174	-8,7 %	kr 139 064
Telefon, porto o.l.	kr 111 225	kr 102 254	kr 8 971	8,8 %	kr 89 959
Kostnad transportmidler	kr 143 141	kr 154 083	-kr 10 942	-7,1 %	kr 193 537
Reiser og diett	kr 45 616	kr 76 616	-kr 31 000	-40,5 %	kr 80 049
Sals og reklamekostnad	kr 144 608	kr 117 000	kr 27 608	23,6 %	kr 214 241
Kontingent og gåve	kr 103 087	kr 85 090	kr 17 997	21,2 %	kr 85 580
Forsikring, garantikostnad	kr 1 281 372	kr 511 443	kr 769 929	150,5 %	kr 859 840
Andre driftskostnader	kr 33 596	kr 67 781	-kr 34 185	-50,4 %	kr 47 624
Tap o.l.	kr 40 003	kr 153 000	-kr 112 997	-73,9 %	-kr 508 830
SUM DRIFTSKOSTNADER	kr 33 048 765	kr 28 817 784	kr 4 230 981	14,7 %	kr 29 533 470
DRIFTSRESULTAT	kr 7 582 308	-kr 31 088	kr 7 613 396		kr 2 346 545
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER					
Finansinntekter	kr 498 701	kr 115 439	kr 383 262	332,0 %	kr 309 223
Finanskostnader	kr 337 599	kr 84 352	kr 253 247	300,2 %	kr 3 778
NETTO FINANSPOSTAR	kr 161 102	kr 31 087	kr 130 014	418,2 %	kr 305 445
RES FØR EKSTRAORD. POSTAR EKSTRAORD POSTAR	kr 7 743 410	kr 0	kr 7 743 410		kr 2 651 990
Ekstraordinær inntekt	kr 0	kr 0	kr 0		
NETTO EKSTRAORD. POSTAR	kr 0	kr 0	kr 0		
PERIODERESULTAT	kr 7 743 410	kr 0	kr 7 743 410		kr 2 651 990

Slam

Rekneskap 2014

	Rekneskap	Budsjett	Avvik frå budsj.	Prosentvis avvik	Rekneskap i fjor
DRIFTSINNTEKTER					
Handsamingsinntekter	kr 1 188 349	kr 1 159 000	kr 29 349	2,5 %	kr 1 299 679
Transportinntekter	kr 5 410 403	kr 5 845 000	-kr 434 597	-7,4 %	kr 6 559 140
Salgsinntekter	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Leigeinntekter	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Andre driftsinntekter	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
SUM DRIFTSINNTEKTER	kr 6 598 751	kr 7 004 000	-kr 405 249	-5,8 %	kr 7 858 819
DRIFTSKOSTNADER					
Vareforbruk	kr 291 633	kr 198 000	kr 93 633	47,3 %	kr 4 779
Handsaming av avfall	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Steinuttak	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Transport inn	kr 5 765 526	kr 6 307 000	-kr 541 474	-8,6 %	kr 6 158 887
Personalkostnader	kr 395 425	kr 499 895	-kr 104 470	-20,9 %	kr 511 269
Avskrivningar	kr 123 674	kr 179 771	-kr 56 097	-31,2 %	kr 181 877
Transport ut	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Energi til produksjon	kr 47 836	kr 57 778	-kr 9 941	-17,2 %	kr 44 256
Kostnad lokale	kr 7 535	kr 10 799	-kr 3 265	-30,2 %	kr 12 734
Leige maskiner, inventar o.l.	kr 1 323	kr 617	kr 706	114,5 %	kr 439
Verkty, inventar og materiell	kr 24 610	kr 23 185	kr 1 425	6,1 %	kr 27 179
Deponiavgift	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Reparasjon og vedlikehald	kr 93 104	kr 81 604	kr 11 500	14,1 %	kr 82 682
Eksterne tenester	kr 1 076	kr 2 138	-kr 1 062	-49,7 %	kr 11 967
Kontorkostnad, trykksak ol	kr 5 950	kr 8 695	-kr 2 744	-31,6 %	kr 6 893
Telefon, porto o.l.	kr 1 982	kr 3 262	-kr 1 280	-39,2 %	kr 2 336
Kostnad transportmidler	kr 944	kr 2 559	-kr 1 615	-63,1 %	kr 0
Reiser og diett	kr 2 204	kr 4 783	-kr 2 578	-53,9 %	kr 5 133
Sals og reklamekostnad	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Kontingent og gåve	kr 4 982	kr 5 311	-kr 330	-6,2 %	kr 5 488
Forsikring, garantikostnad	kr 4 229	kr 4 408	-kr 178	-4,0 %	kr 3 375
Andre driftskostnader	kr 375	kr 2 733	-kr 2 358	-86,3 %	kr 626
Tap o.l.	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
SUM DRIFTSKOSTNADER	kr 6 772 409	kr 7 392 538	-kr 620 128	-8,4 %	kr 7 059 919
DRIFTSRESULTAT	-kr 173 658	-kr 388 538	kr 214 880		kr 798 900
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER					
Finansinntekter	kr 23 723	kr 6 744	kr 16 979	251,8 %	kr 18 926
Finanskostnader	kr 10 801	kr 4 206	kr 6 595	156,8 %	kr 264
NETTO FINANSPOSTAR	kr 12 922	kr 2 538	kr 10 384	409,2 %	kr 18 662
RES FØR EKSTRAORD. POSTAR EKSTRAORD POSTAR	-kr 160 736	-kr 386 000	kr 225 264		kr 817 562
Ekstraordinær inntekt	kr 0	kr 0	kr 0		
NETTO EKSTRAORD. POSTAR	kr 0	kr 0	kr 0		
PERIODERESULTAT	-kr 160 736	-kr 386 000	kr 225 264		kr 817 562

Bilvrak

Rekneskap 2014

	Rekneskap	Budsjett	Avvik frå budsj.	Prosentvis avvik	Rekneskap i fjor
DRIFTSINNTEKTER					
Handsamingssinntekter	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Transportinntekter	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Salgsinntekter	kr 3 824 459	kr 2 046 101	kr 1 778 358	86,9 %	kr 2 454 890
Leigeinntekter	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Andre driftsinntekter	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
SUM DRIFTSINNTEKTER	kr 3 824 459	kr 2 046 101	kr 1 778 358	86,9 %	kr 2 454 890
DRIFTSKOSTNADER					
Vareforbruk	kr 348 000	kr 0	kr 348 000		-kr 296 000
Handsaming av avfall	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Steinuttak	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Transport inn	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Personalkostnader	kr 1 040 970	kr 1 004 827	kr 36 143	3,6 %	kr 1 286 837
Avskrivningar	kr 495 242	kr 526 053	-kr 30 811	-5,9 %	kr 366 409
Transport ut	kr 220 401	kr 224 000	-kr 3 599	-1,6 %	kr 273 000
Energi til produksjon	kr 65 200	kr 53 215	kr 11 985	22,5 %	kr 72 894
Kostnad lokale	kr 87 562	kr 21 707	kr 65 854	303,4 %	kr 27 041
Leige maskiner, inventar o.l.	kr 2 724	kr 1 240	kr 1 483	119,6 %	kr 932
Verkty, inventar og materiell	kr 103 356	kr 71 604	kr 31 752	44,3 %	kr 57 714
Deponiavgift	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Reparasjon og vedlikehald	kr 126 844	kr 79 312	kr 47 532	59,9 %	kr 136 913
Eksterne tenester	kr 2 215	kr 4 297	-kr 2 082	-48,5 %	kr 25 411
Kontorkostnad, trykksak ol	kr 12 246	kr 17 477	-kr 5 230	-29,9 %	kr 14 765
Telefon, porto o.l.	kr 4 079	kr 6 556	-kr 2 478	-37,8 %	kr 4 959
Kostnad transportmidler	kr 944	kr 2 559	-kr 1 615	-63,1 %	kr 0
Reiser og diett	kr 4 537	kr 9 613	-kr 5 076	-52,8 %	kr 10 901
Sals og reklamekostnad	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Kontingent og g�ve	kr 10 253	kr 10 676	-kr 424	-4,0 %	kr 11 654
Forsikring, garantikostnad	kr 8 705	kr 8 860	-kr 155	-1,8 %	kr 7 167
Andre driftskostnader	kr 772	kr 5 493	-kr 4 722	-86,0 %	kr 1 329
Tap o.l.	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
SUM DRIFTSKOSTNADER	kr 2 534 050	kr 2 047 490	kr 486 560	23,8 %	kr 2 001 925
DRIFTSRESULTAT	kr 1 290 409	-kr 1 389	kr 1 291 798		kr 452 964
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER					
Finansinntekter	kr 48 826	kr 13 556	kr 35 270	260,2 %	kr 40 190
Finanskostnader	kr 43 252	kr 12 167	kr 31 086	255,5 %	kr 533
NETTO FINANSPOSTAR	kr 5 574	kr 1 389	kr 4 185	301,2 %	kr 39 658
RES F�R EKSTRAORD. POSTAR EKSTRAORD POSTAR	kr 1 295 983	kr 0	kr 1 295 983		kr 492 622
Ekstraordin�r inntekt	kr 0	kr 0	kr 0		
NETTO EKSTRAORD. POSTAR	kr 0	kr 0	kr 0		
PERIODERESULTAT	kr 1 295 983	kr 0	kr 1 295 983		kr 492 622

Kommentarar til rekneskap for kvar avdeling 2014

Hushald (Resultat +kr 592 000, avvik +kr 2 427 000)

Driftsinntekter: +kr 860 000, avvik +1,7 %

Handsamings- og transportinntekter: Tal kundar er litt høgare enn budsjettert.

Salsinntekter: Mengda skrapjern og farleg avfall med positiv verdi har vore større enn budsjettert, medan mengda EE-avfall med positiv verdi har vore litt lågare enn budsjettert. Inntektene frå skriftlege restanseopplysningar via nettportal aukar.

Leigeinntekter: Gjenvinningsstasjonen i Knarvik var berre utleigd ein måned i 2014.

Andre driftsinntekter: Avviket skuldast sal av ein truck som var avskrive.

Driftskostnader: -kr 1 326 000, avvik -2,6 %

Vareforbruk:. Auka forbruk av posar og sekkar.

Handsaming av avfall: Større mengder treverk til flising enn budsjettert.

Transport inn: Det var budsjettert at tal kundar som leverer matavfall i dunk ville passera 9500, noko som ville gjeve ein prisauke i einingsprisane og dermed eit lite hopp i kostnadene. Denne auken kjem ikkje før 2015. Eksterne kostnader til vår- og haustryddinga har vore lågare enn budsjettert då NGIR har nytta mellombels avfallsmottak på Fedje og i Modalen (eigne folk). NGIR har leigd inn mykje mindre køyring til/frå gjenvinningsstasjonane enn budsjettert ved å auka eigen transport.

Personalkostnader: Avviket skuldast i hovudsak resultatført planending hjå KLP, noko som gjer at framtidige forplikingar er redusert og endringa er kostnadsført.

Avskrivningar: Det vart gjort ei ekstra avskrivning på avfallspressa som vart bytta før jul.

Transport ut: Avviket skuldast i hovudsak auka mengder skrapjern og trykkimpregnert trevyrke. Mengda reint trevyrke er litt under det som var budsjettert.

Energi til produksjon: Det er brukt litt meir drivstoff enn budsjettert.

Kostnad lokale: Om lag som budsjettert.

Leige maskiner, inventar o.l.: NGIR har leigd truck til ein gjenvinningsstasjon i påvente av nykjøp.

Verkty, inventar, materiell: Det er kjøpt inn meir lisensar/programvare enn budsjettert.

Deponiavgift: Det har kome inn litt meir avfall til deponi (ikkje brennbart restavfall) frå gjenvinningsstasjonane enn budsjettert.

Reparasjon og vedlikehald: Det er brukt meir enn budsjettert på vedlikehald av maskiner og konteinarar.

Eksterne tenester: Det er brukt mindre pengar til konsulentar enn budsjettert.

Kontorkostnad, trykksak ol: Det er nytta mindre pengar til trykksaker og kurs enn budsjettert.

Telefon, porto o.l.: Det var budsjettert med at litt fleire kundar ville gå over til e-faktura enn det som er realiteten og det er difor brukt litt meir porto enn budsjettert, men NGIR har hatt lågare telefonutgifter enn budsjettert.

Kostnad transportmidlar: NGIR har køyrd meir på gjenvinningsstasjonane og brukt egne bilar til transport til/frå mellombels avfallsmottak som erstatning for vår- og haustryddinga. Drivstoffkostnader og vedlikehaldskostnader har dermed auka monaleg.

Reiser og diett: Utgiftsdekning til reiser har vore mindre enn budsjettert.

Sals- og reklamekostnad: Det er brukt meir pengar på annonsering enn budsjettert. Det er også kjøpt inn programvare for å kunna varsle kundar via talemelding/SMS.

Kontingent og gåve: Kontingentkostnader til både Avfall Norge og KS Bedrift har auka meir enn budsjettert.

Forsikring, garantikostnad: Det er ikkje kostnadsført avsetning til etterdrift, men det vil verta overført ein sum tilsvarande kalkulatoriske rentekostnader frå opparbeidd eigenkapital. Dette gjer at NGIR oppfyller "Veileder for berekning av kommunale avfallgebyr" utan at hushaldskundane vert belasta meir enn naudsynt over renovasjonsgebyret.

Andre driftskostnader: Kontoen som er til disp. for styret er nytta mindre enn budsjettert.

Tap o.l.: Det er tapsført lite i 2014.

Finansinntekter og finanskostnader: Det var budsjettert med at NGIR skulle ta opp fleksibelt lån som vart utbetalt etter kvart som NGIR hadde bruk for det. NGIR tok i staden opp eit lån på heile låneramma og plasserte pengane i bank (til høgare innskotsrente enn lånerente).

Verksemd (Resultat +kr 7 743 000 (før skatt), avvik +kr 7 743 000)

Driftsinntekter: +kr 11 844 000, avvik +41,1 %

Handsamingsinntekter: Avviket skuldast i hovudsak monaleg større mengder til deponi enn budsjettert.

Transportinntekter: Litt større mengder enn budsjettert vart fakturert via NGIR.

Salsinntekter: Salet av steinprodukt er 71 % større enn i 2013. I tillegg har salet av skrapjern vore noko større enn budsjettert.

Leigeinntekter: Inntektene frå utleige av konteinrarar er litt høgare enn budsjettert.

Andre driftsinntekter: Færre purringar enn budsjettert (purregebyr).

Driftskostnader: +kr 4 231 000, avvik +14,9 %

Vareforbruk: Det er brukt litt mindre posar/sekkar enn budsjettert. Det er også kjøpt inn mindre tråd til ballepresse enn føreset.

Handsaming av avfall: Større mengder farleg avfall, men mindre mengder restavfall og våtorganisk avfall enn budsjettert.

Steinuttak: Sal av steinprodukt er monaleg større enn budsjettert, og dermed også kostnaden til sprenging og knusing.

Transport inn: Konteinrartransporten har vore større enn budsjettert.

Personalkostnader: Resultatført planendring hjå KLP trekkjer kostnadene ned, men større mengder til deponi har gjort at fordelingsnøklar er endra slik at næring har vorte belasta meir med felleskostnader.

Avskrivningar: Det vart gjort ei ekstra avskrivning på avfallspressa som vart bytta før jul.

Transport ut: Mindre mengder restavfall og treverk enn budsjettert.

Energi til produksjon: Det er brukt litt meir drivstoff enn budsjettert.

Kostnad lokale: NGIR har nytta meir pengar enn budsjettert på tryggingstiltak (videoovervaking).

Leige maskiner, inventar o.l.: NGIR har leigd konteinarar for vidare utleige.

Verkty, inventar, materiell: Det er kjøpt inn meir lisensar/programvare enn budsjettert.

Deponiavgift: Det har kome inn litt mindre avfall til deponi (ikkje brennbart restavfall).

Reparasjon og vedlikehald: Det er brukt meir enn budsjettert på vedlikehald av maskiner og konteinarar.

Eksterne tenester: Om lag som budsjettert.

Kontorkostnad, trykksak ol: Det er nytta mindre pengar til kurs enn budsjettert.

Telefon, porto o.l.: Det er brukt litt meir porto enn budsjettert.

Kostnad transportmidlar: Eigne transportmiddel er brukt meir til hushaldsavfall enn budsjettert.

Reiser og diett: Utgiftsdekning til reiser har vore mindre enn budsjettert.

Sals- og reklamekostnad: Det er brukt meir pengar på annonsering enn budsjettert.

Kontingent og gåve: Kontingentkostnader til både Avfall Norge og KS Bedrift har auka meir enn budsjettert.

Forsikring, garantikostnad: Overskridinga skuldast langt større mengder avfall til deponi og tilhøyrande kostnader til avsetjing til etterdriftsfond (kr 25 per tonn til deponi).

Andre driftskostnader: Kontoen som er til disp. for styret er nytta mindre enn budsjettert.

Tap o.l.: Det har vore relativt lite tap på krav i 2014.

Finansinntekter og finanskostnader: Det var budsjettert med at NGIR skulle ta opp fleksibelt lån som vart utbetalt etter kvart som NGIR hadde bruk for det. NGIR tok i staden opp eit lån på heile låneramma og plasserte pengane i bank (til høgare innskotsrente enn lånerente).

Slam (Resultat -kr 161 000, avvik +kr 225 000)

Det vart henta inn litt mindre slam frå kommunale slamavskiljarar enn budsjettert. Dette resulterte i både lågare inntekter og kostnader på transport. Elles er det brukt meir pengar på flising av treverk til bruk i komposten, men lågare personalkostnader etter gjennomgang av kostnadsfordelingar.

Bilvrak (Resultat +kr 1296 000, avvik +kr 1 296 000)

Driftsinntekter: +kr 1 778 000, avvik +86,9 %

NGIR tok i mot 1423 bilvrak i 2014. Det er 11 % mindre enn budsjettert og 36 % mindre enn i 2013. Prisen på skrapjern har derimot vore noko høgare enn budsjettert. Det same har prisen på katalysatorar.

Nedgongen i tal bilvrak skuldast opning av nytt mottaksanlegg i Arna og nedgongen er litt større enn venta. NGIR hadde eit relativt stort lager bilvrak til nyttår som me fekk tappa og selt i løpet av januar og februar. Salsinntektene er difor høgare enn budsjettert, men også kostnadene.

Ekstra i år er at NGIR fekk refundert 1,1 millionar kroner for transport at bilvrak ut frå anlegget. NGIR har i nokre år betalt meir for dette enn det avtalen med Bilgjenvinning tilseier og NGIR krov difor attende pengane.

Driftskostnader: +kr 487 000, avvik +23,8 %

Lageret katalysatorar er redusert = kostnadsføring av lagerendring.

NGIR har nytta meir pengar enn budsjettert på tryggingstiltak (videoovervaking).

Det er også brukt meir pengar på vedlikehald av maskiner enn budsjettert.



REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 26.05.15

Sak nr: 05/15

Sakshandsamar: Erlend Kleiveland

Årsmelding 2014

Årsmelding for 2014 ligg ved.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret legg NGIR si årsmelding for 2014 fram for representantskapet for godkjenning.

Vedtak i styret 27.04.15:

Styret legg NGIR si årsmelding for 2014 fram for representantskapet for godkjenning.



REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 26.05.15

Sak nr: 06/15

Sakshandsamar: Erlend Kleiveland

Honorar til revisor

Nordhordland Revisjonsdistrikt har utført revisjon av føreliggjande forvaltnings- og rekneskapsdokumentasjon for NGIR. Kostnaden for 2014 er sett til kr 43 000.

Budsjetterte kostnader for 2014 var kr 45 000.
Kostnaden for 2013 var kr 43 000.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner revisjonskostnadene på kr 43 000.

Vedtak i styremøte 27.04.15:

Styret rår til at representantskapet godkjenner revisjonskostnadene på kr 43 000.



REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 26.05.15

Sak nr: 07/15

Sakshandsamar: H. Lysø

Val av medlemmer og varamedlemmer i styret

Vedlegg: Retningslinjer for valnemnda
Oversyn over styremedlemmer og varamedlemmer sin "historikk" hjå NGIR
Oversyn over kva kommunar styremedlemmer, varamedlemmer, styreleiar og nestleiar i styret har vore frå i perioden 2005-d.d.

Sakutgreiing

Oppstillinga under syner samansetjinga av NGIR sitt styre, med varamedlemmer, i dag. I parentes er oppgjeve kva år dei ulike medlemmene står på val.

Styremedlemmer:

Ottar Skjelvik, Meland (2015)
Kari Utkilen, Austrheim (2015)
Helge Fjellanger, Lindås (2016)
Kristin Handeland, Fedje (2016)
Vigdis Søvik, Masfjorden (2016)

Varamedlemmer:

1. vara: Martin Soltveit, Radøy (2015)
2. vara: Anne-Mette Dahl Andreassen, Gulen (2015)
3. vara: Kjetil Eikefet, Modalen (2015)

I NGIR sine vedtekter, § 13, står følgjande om samansetjinga av styret:

Styret i selskapet skal ha 5 medlemmer, og i tillegg 3 varamedlemmer i prioritert rekkjefølgje. Første varamedlem møter fast i styret, som observatør med talerett.

Styremedlemmene og varamedlemmene vert valde av representantskapet. Representantskapet vel og leiar og nestleiar i styret. Funksjonstida til styremedlemmene er 2 år, medan varamedlemmer, leiar og nestleiar vert valde for 1 år. Attval kan finne stad.

Dagleg leiar eller medlem/varamedlem i representantskapet kan ikkje vera medlem eller varamedlem i styret.

Ved val av styremedlemmer og varamedlemmer skal det takast omsyn til:

- *Personlege kvalifikasjonar for oppgåva*
- *Kontinuitet i styrearbeidet*
- *At likestillingsloven sine reglar om kjønnsfordeling i offentlege utval m.v. skal følgjast*
- *Geografisk fordeling i NGIR-regionen **

** Eitt styremedlem skal alltid vera frå vertskommunen Lindås.*

På konstituerande møte 20.02.12 gjorde representantskapet følgjande vedtak om valnemnd:

Valnemnda i representantskapet får følgjande medlemmer for perioden 2011-2015:

Inga Jorunn Nåmdal (Modalen)

Ståle Juvik Hauge (Lindås)

Marianne T. Osa (Radøy)

Varamedlemmer vert:

Atle Håtuft (Meland) – 1. vara

Liv Ulvøy (Austrheim) – 2. vara

Valnemnda hadde sitt første møte 12.03.12, og valde då Ståle Juvik Hauge til leiar. Inga Jorunn Nåmdal er valt til nestleiar.

Valnemnda hadde møte 05.03.15 for å førebu vala som representantskapet skal gjera 26.05.15. Valnemnda ynskjer kontinuitet i styrearbeidet hjå NGIR. Medlemmene i representantskapet har ikkje tilkjennegitt ynskje om utskiftingar i styret. Valnemnda si innstilling er samrøystes.

Valnemnda sitt framlegg til vedtak

Styret i NGIR får følgjande samansetning etter årsmøtet 26.05.15:

Styremedlemmer:

Ottar Skjelvik, Meland (2017)

Kari Utkilen, Austrheim (2017)

Helge Fjellanger, Lindås (2016)

Kristin Handeland, Fedje (2016)

Vigdis Søvik, Masfjorden (2016)

Varamedlemmer:

1. vara: Martin Soltveit, Radøy (2016)

2. vara: Anne-Mette Dahl Andreassen, Gulen (2016)

3. vara: Kjetil Eikefet, Modalen (2016)

Retningslinjer for valnemnda for representantskapet i Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (NGIR)

Sist revidert av representantskapet 29.10.12

1. Valnemnda skal ha 3 medlemmer og 2 varamedlemmer. Valnemnda vert valt av representantskapet, blant representantskapet sine medlemmer, på konstituerande møte.
2. Valnemnda skal gje innstilling til representantskapet om følgjande val (jf. vedtektene til NGIR, §§ 8, 9, 10, og 13):
 - Val av leiar og nestleiar i representantskapet
 - Val av valnemnd
 - Val av medlemmer og varamedlemmer i styret
 - Val av leiar og nestleiar i styret
 - Eventuelle andre valInnstilling frå valnemnda skal sendast ut saman med sakspapir minst 14 dagar før møte i representantskapet.
3. Til konstituerande møte for nytt representantskap førebur sitjande valnemnd dei val som er nemnt i dei to første strekpunkt i punkt 2. Ny valnemnd førebur val etter strekpunkt tre og fire i punkt 2 til representantskapet sitt årsmøte.
4. Medlemmer og varamedlemmer i valnemnda vert valde for 4 år, og har funksjonstid fram til nytt representantskap har konstituert seg og valt ny valnemnd. Valnemnda vel sjølv leiar og nestleiar.
5. Leiar og nestleiar i representantskapet vert og valde for 4 år, med same valperiode som representantskapet. Funksjonstida er fram til nytt representantskap har konstituert seg og valt ny leiar og nestleiar.
6. Valperioden til styremedlemmene er 2 år. For å unngå utskifting av heile styret samstundes, skal vekselvis 2 og 3 medlemmer, med varamedlemmer, stå på val kvart år. Leiar og nestleiar i styret vert valt for eitt år.
7. Styret skal ha det tal medlemmer og varamedlemmer, og den samansetjing, som står i vedtektene til NGIR, § 13.
8. Dagleg leiar kan ikkje vere medlem eller varamedlem i styret. Vert medlem av representantskapet valt inn i styret, kan vararepresentant rykkje inn i representantskapet, og kommunen velja nytt varamedlem.
9. Valnemnda har plikt til å spørja aktuelle kandidatar før dei vert innstilt til val eller attval.
10. Administrasjonen i NGIR er sekretær for valnemnda, og kallar saman valnemnda i god tid før representantskapet skal føreta dei aktuelle val.

Representantskapet kan gjera vedtak om endring av retningslinjer for valnemnda.

Sitjande styremedlemmer og varamedlemmer sin "historikk" hjå NGIR

Helge Fjellanger

Styremedlem frå 2012 – d.d.

Styreleiar frå 2012 – d.d.

Ottar Skjelvik

Styremedlem frå 2005 – d.d.

Nestleiar i styret frå 2012 – d.d.

Kari Utkilen

Varamedlem i styret frå 2008 (3. vara)

Styremedlem frå 2009 – d.d.

Kristin Handeland

Styremedlem frå 2012 – d.d.

Vigdis Sjøvik

Varamedlem i styret frå 2009 – 2014 (3. vara frå 2009, 1. vara frå 2012)

Styremedlem frå 2014 – d.d.

Martin Soltveit

Varamedlem i styret frå 2012 – d.d. (2. vara frå 2012, 1. vara frå 2014)

Anne-Mette Dahl Andreassen

Varamedlem i styret frå 2012 – d.d. (3. vara frå 2012, 2. vara frå 2014)

Kjetil Eikefet

Varamedlem i styret frå 2014 – d.d. (3. vara)

Tabellen under viser kva kommunar medlemmene og varamedlemmene i NGIR sitt styre har vore frå sidan 2005:

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Austrheim	Styrem.	-	-	3. vara	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.
Fedje	Vara	1. vara	1. vara	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.
Gulen	Vara	3. vara	3. vara	2. vara	2. vara	2. vara	2. vara	3. vara	3. vara	2. vara
Lindås	Fast medl. + vara	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.
Masfj.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	-	3. vara	3. vara	3. vara	1. vara	1. vara	Styrem.
Meland	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.
Modalen	Vara	2. vara	2. vara	1. vara	1. vara	1. vara	1. vara	Styrem.	Styrem.	3. vara
Radøy	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	-	-	-	2. vara	2. vara	1. vara
Solund	Vara	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	-	-	-

Tabellen under viser kva kommunar leiar/nestleiar i NGIR sitt styre har vore frå sidan 2005:

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Leiar	Austrheim	Lindås	Lindås	Lindås	Lindås	Lindås	Lindås	Lindås	Lindås	Lindås
Nestleiar	Lindås	Radøy	Radøy	Radøy	Fedje	Fedje	Fedje	Meland	Meland	Meland



REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 26.05.15

Sak nr: 08/15

Sakshandsamar: H. Lysø

Val av leiar og nestleiar i styret

Sakutgreiing

Syner til sak 07/15.

Styret hjå NGIR har i dag følgjande leiing:

Helge Fjellanger, Lindås, styreleiar

Ottar Skjelvik, Meland, nestleiar

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Helge Fjellanger, Lindås, vert attvalt som leiar i NGIR sitt styre for eitt år.

Ottar Skjelvik, Meland, vert attvalt som nestleiar i NGIR sitt styre for eitt år.